



Kommunedelplan for
Varhaug sentrum
Planprogram
Revidert 23.11.2017

ME LØFTER I LAG



Føreord

Kommunestyret godkjente den 15.09.2016 (sak 15/16) dokumentet *Planstrategi 2016 – 2019*. I planstrategien er det fastlagt at det innafor inneverande kommunevalperiode skal utarbeidast ein kommunedelplan for Varhaug sentrum.

Ein slik sentrumsplan skal fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum som lokalsentrum og sentrum i Hå kommune i åra framover.

Om lag 4 200 innbyggjarar soknar i dag til Varhaug sentrum som sitt lokalsenter.

Planarbeidet skal bygge på kunnskap, kreativitet og vilje til utvikling og bevaring av dei verdfulle historiske faktorane som har forma tettstaden. Integreringa mellom sentrum og tettstaden omkring må vidareførast. Nye eigna rammer for ei ønska sentrumsutvikling skal utformast. Det skal leggjast vekt på at planarbeidet skal vere opent og tilgjengeleg med breid medverknad frå alle som interesserte og engasjerte i sentrumsutviklinga.

Kommuneplanutvalet har det politiske ansvar for utarbeiding av kommunedelplanar, mens administrasjonen ved planavdelinga i tenesteområdet tekniske saker og næring, vil stå for det praktiske utgreiings- og planarbeidet.



Innhald

Føreord.....	3
1.0 Innleiing	6
2.0 Om Varhaug	7
3.0 Føresetnadar	9
3.1 Planperiode	9
3.2 Avgrensing av planområdet	9
3.3 Gjeldande arealplanar	9
4.0 Formålet med planarbeidet	11
4.1 Målsetjinga med planarbeidet	11
4.2 Eit velfungerande sentrum	11
5.0 Aktuelle problemstillingar – Utgreiingsbehov	13
5.1 Identitet - visjon	13
5.1.1 Utgreiingsbehov	14
5.2 Sentrumsavgrensing	14
5.2.1 Utgreiingsbehov	17
5.3 Funksjonar i sentrum.....	18
5.3.1 Utgreiingsbehov	19
5.4 Byggjereglar i sentrumsområdet	19
5.4.1 Utgreiingsbehov	21
5.5 Byrom, parkar, grøntanlegg.....	21
5.5.1 Utgreiingsbehov	22
5.6 Samferdsel og parkering.....	22
5.6.1 Utgreiingsbehov	25

5.7	Gamle Varhaug – Verneverdige bygningar	25
5.7.1	Utgreiingsbehov	26
5.8	Barn og unge.....	26
5.8.1	Utgreiingsbehov	26
5.9	Kommunaltekniske utfordringar	27
5.9.1	Utgreiingsbehov	27
5.10	Energi og klima	27
5.10.1	Utgreiingsbehov	27
5.11	Samfunnstryggleik	27
5.11.1	Utgreiingsbehov	28
6.0	Overordna føringar og retningslinjer	30
7.0	Planprosess og organisering	31
7.1	Organisering	31
7.2	Medverknad	31
7.3	Framdrift.....	32
Vedlegg:		33
Vedlegg 1: Overordna føringar og retningslinjer.....		34
Vedlegg 2: Rogaland fylkeskommune: «Tilstandsrapport over sentrene som inngår i Regionalplan for Jæren»: Varhaug		40
Vedlegg 3: Svelvik kommune: Notat om «Gjestebodsmodellen».....		47
Vedlegg 4: Liste over innkomne innspel til høyringsutkast planprogram		
Vedlegg 5: Rådmannens oppsummering og kommentarar til innspela		
Vedlegg 6: Samledokument, originalar av innspel til planprogram		

1.0 Innleiing

Kommuneplanen for perioden 2014 – 2028 vart godkjent av kommunestyret i desember 2014.

På arealplankarta i kommuneplanen er sentrumsområda avgrensa, utan at det er gitt nærare reglar for korleis utvikling og utbygging skal skje innfor desse områda. Visjonar og mål, reglar og retnings-liner for utviklinga må konkretiserast gjennom eigne planprosessar for kvar enkelt sentrumsområde. I planstrategidokumentet for perioden 2016 – 2019 er det lagt til grunn at dette skal skje gjennom utarbeiding av eigne kommunedelplanar m.a. for Varhaug sentrum.

Plan- og bygningslova inneheld reglar både for korleis ein kommunedelplan skal utformast og korleis den skal behandlast og til slutt godkjennast. Kapittel VI i lova gir dei viktigaste reglane om innhaldet i og behandlinga av kommune(del)planar.

Det at sentrumsplanen for Varhaug blir utarbeida som ein kommunedelplan, gjer det m.a. muleg å gjere delar av planen juridisk bindande. Gjennom planprosessen må ein ta stilling til kva for delar av den endelege planen som det er så viktige at dei skal gis bindande verknad, og kva delar som skal vere av meir retningsgjevande karakter.

Lova fastlegg at det som første fase av arbeidet skal utarbeidast eit planprogram. Det skal seinare også utarbeidast ei konsekvensvurdering av planforslaget.

Det er viktig at alle partar, og ikkje minst brukarane av sentrum, får eit eigarforhold til den endelege planen. I samsvar med regelverket vert det lagt opp til ein brei medverknads-prosess under utarbeidinga.


Politisk er det kommuneplanutvalet som har ansvaret for arbeidet med kommune- og kommunedelplanar. Det er kommunestyret som til slutt skal godkjenne kommunedelplanen.

2.0 Om Varhaug

Varhaug som tettstad starta med bygginga av Jærbanen mellom 1874 og 1878. Før jernbanen kom, gjekk trafikken lenger vest. Kyrkje, skysstasjon og postopneri låg langs postvegen ute ved kysten. Jernbanen si plassering ein kilometer lenger inn i landet og plasseringa av jernbanestasjonane har vorte styrande for utviklinga på Jæren. Det la grunnlaget for det som i dag er Varhaug sentrum.

Med etablering av Varhaug Forbrugsforening vart handelen flytta frå bygdekrambuer inn til Varhaug stasjon. Etter kvart vart det etablert meieri, fleire butikkar og forsamlingshus slik at Varhaug stasjon vart det naturlege sentrum for Varhaug-bygda. Verksemder kom til, og i 1958 vart skulane samla i ny Varhaug skule i sentrum.


Jernbanestasjonen med pakkhuset var punktet Varhaug vaks opp rundt. Tyngda av handel kom på vestsida av jernbanelinja, men etter kvart vart det etablert både bustadar og verksemder på austsida. Kryssing i plan like ved jernbanestasjonen vart seinare erstatta med kryssingar lengst sør og lengst nord i tettstaden, slik at jernbanelinja deler dagens Varhaug sentrum i to.



Industriområde og bustadfelt har vakse opp rundt sentrum på begge sider av jernbanelinja. Det er no sett langsiktige grenser mot areal regulert til landbruk, og det er om lag like mykje areal som er regulert til bustadar på begge sider av jernbanen. Det meste av industriareal ligg på austsida av jernbanelinja. Fortetting i form av bustadblokker har så langt vorte etablert på vestsida av jernbanen.

Varhaug, til liks med heile Hå kommune, har dei siste åra hatt ein sterk vekst i folketalet. Mens folketalet i heile kommunen vaks med ca. 3 800 personar frå 2005 til 2014, vaks Varhaug i same perioden med ca. 700 personar, frå ca. 3 600 til ca. 4 300.

Heilt til det siste har Varhaug tettstad vore karakterisert av småhus, sjølv om sentrum har hatt innslag av større bygningskroppar med større byggehøgde. Dette er i ferd med å endre seg. Jordvernet har stor innverknad på utbygginga av tettstaden. Det er nå trekt ei langsiktig grense for 40 år framover, mellom tettstad og omkring liggande landbruksområde. Utbygging framover vil i stor grad skje i form av konsentrerte buformer, rekkehus og blokker, og kravet til høg tomteutnytting vil gjelde for alle typar verksemdar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

3.0 Føresetnadar

3.1 Planperiode

Planperioden for den kommuneplanen som vart endeleg godkjent i desember 2014 går fram til 2028. Kommunedelplanen for Varhaug sentrum må bygge på dei føresetnadane som denne kommuneplanen legg til grunn for utviklinga i kommunen i åra framover. Det blir lagt til grunn at kommunedelplanen får same tidshorisont som kommuneplanen, dvs. 2028.

3.2 Avgrensing av planområdet

I gjeldande kommuneplan er sentrumsområdet på Varhaug avgrensa med eigen formålskode, «Sentrumsformål». Planavgrensinga for kommunedelplanen vil i utgangspunktet vere dette området. Spørsmålet om grensene for det som skal definerast som sentrum skal justerast, vil likevel vere ein naturleg del av arbeidet med sentrumsplanen.

For enkelte tema, som for eksempel trafikk og grøntanlegg, vil analyseområdet måtte omfatte eit større område for å få sett bruken av sentrum inn i ein større samanheng.

3.3 Gjeldande arealplanar

Gjeldande kommuneplan for perioden fram til 2028, vart godkjent av kommunestyret den 17.12.2014. I tillegg gjeld følgjande reguleringsplanar for delar av sentrumsona:

Plan nr.	Plannamn	Vedtaksdato
984B	Reguleringsplan for Varhaug sentrum	17.11.2009
1010-1A	Reguleringsplan for Varhaug sentrum	19.04.2005
1013-1	Reguleringsplan for Varhaug sentrum nord, område A	21.04.2009
1013-2	Reguleringsplan for Varhaug sentrum nord, Felt F	16.02.2012
1107	Reguleringsplan for område ved Varhaug skule	06.06.2014



4.0 Formålet med planarbeidet

4.1 Målsetjinga med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å utforme eit godt styringsverktøy for utviklinga av Varhaug sentrum som eit godt og livskraftig kommunesentrum og som lokalsenter for Varhaug og områda omkring.

Kommuneplanen vedtatt i 2014 er gjeldande for perioden fram til 2028. For enkelte tema, som t.d. langsiktig grense mellom tettstadane og landbruksareala omkring, er tidshorizonten heilt fram til ca. 2050.

Kommuneplanen legg mange viktige føresetnader for utviklinga av det framtidige Varhaug sentrum, t.d.:

- Sentrum er avgrensa som eit eige område.
- Det er eit eige punkt i føresegnene, pkt. 1.3, som avgrensar storleiken på dei handelsverksemdene som kan godkjennast i området.
- Det er lagt til grunn at folketalet i Varhaug-krinsen vil vekse med om lag 28 % fram til 2028, frå 4 162 i 2014 til 5 312 i 2028.
- Fram til 2028 skal det byggjast ca. 290 nye bustadar i Varhaug-krinsen.
- Det skal i komande kommuneplanar vurderast om Buevegen (fv 504) kan leggjast i ny trase utanom tettstaden.

Ein sentrumsplan må ha som siktemål å utvikle heilskaplege løysningar som legg til rette for ei arealeffektiv, kompakt og berekraftig sentrumsutvikling og med tydeleg avgrensing av sentrumsområdet. For å få ein plan som kan fungere som eit godt styringsverktøy, er det viktig at aktuelle brukarar og aktørar i og av sentrumsareala får eit eigarforhold til planen. Ein planprosess med aktiv brukarmedverknad er derfor viktig.

4.2 Eit velfungerande sentrum

Eit sentrum blir ofte oppfatta som eit område der ein kan gjere dei fleste innkjøpa av forbruksvarer. Men eit sentrum er mykje meir. Eit sentrum er karakterisert av mangfald. Eit sentrum er eit område kor det dagleg oppheld seg mange menneske. Eit sentrum er eit område kor det er naturleg å treffe andre folk, for planlagt eller tilfeldig møte. I eit sentrum skal ein ha moglegheit til å handle varer, utført tenester og å oppleve ulike former for kultur og sosiale opplevingar.

Eit velfungerande sentrum er ein stad som er tilrettelagt for eit slik mangfald. For å oppnå dette må sentrum vere ein stad kor folk trivst. Det er viktig at staden er ein stad kor ein møter andre menneske. Ei konsentrert blanding av funksjonar som næring, bustad og andre publikumsretta tilbod vil vere viktig for å tiltrekke seg folk. Ein god balanse mellom offentlege og private interesser er og viktig. Desse funksjonane utfyller kvarandre og gir aktivitet og liv i området også ut over vanleg opningstid for butikkane. En kombinasjon av butikkar, tenestetilbod som frisør og kafear og offentlege tilbod som bidrar med attraktive omgjevnadar og nyttige tilbod av ikkje-kommersiell art.

Men i tillegg til eit mangfald av tilbod og aktivitetar, er det like viktig at omgjevnadane er tilrettelagt for eit sosialt liv, med trivelege møteplassar både ute og inne, gangareal og korte gangavstandar som folk ynskjer å bruke. Eit godt lokalklima i uteareala er ein viktig føresetnad for attraktivitet og bruk. På den andre sida vil eit sentrum dominert av køyretrafikk og parkering sjeldan bli opplevd som tiltrekkande for tilfeldig og uforpliktande møte og sosialt liv.

God tilgang til offentleg transport kan gje auka besøkstal ved at det gjer kortare reisetid til nabosentra for alle brukargrupper. Det er viktig med effektiv tilgjengelegheit både for køyrande og for mjuke trafikantar, men sentrum må ikkje bli dominert av trafikk og parkering.



5.0 Aktuelle problemstillingar – Utgreiingsbehov

I dette kapitlet blir sentrale problemstillingar som må behandlast i sentrumsplanen omtalt og aktuelle utgreiingsbehov blir skissert. Fleire av problemstillingane er nært knyta til andre analysetema. Det kan derfor vere aktuelt å vurdere fleire tema under eitt. I planprosessen kan det også seinare kome opp nye tema som bør vurderast og utgreiast nærare.

Nokre vurderingstema er gjennomgåande. Folkehelseperspektivet, klimaverknadar og arbeidet mot ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling må inngå i mange av dei vurderingane og utgreiingane som skal gjennomførast i det komane planarbeidet.

Når utkast til plandokument skal leggast fram, kan det også vere aktuelt å utarbeide alternative planforslag. Spørsmålet om utforming av alternative planutkast må vurderast nærare i den føreståande utgreiingsfasen. Alternative planutkast kan i nokre tilfeller gi eit godt grunnlag for ei fruktbar meiningsutveksling om endeleg planutforming.

5.1 Identitet - visjon

For å skapa eit sentrum der folk trivst, er det viktig at staden har identitet.

Kva er typisk for Varhaug ? Kva er det som gjer at besøkande opplever at Varhaug skil seg ut frå andre tettstader. Og kva gjer at ein Håbu kjenner seg heime her ? Kva visjon skal ein ha for kva funksjon Varhaug skal ha i framtida ? Og korleis ser sentrum ut om 20, 30 eller 40 år ?

Ein del av identiteten til Varhaug er, som for dei andre tettstadane i kommunen, knyta til geografien. Tettstaden ligg midt på flate Jæren i eit av dei viktigaste og mest aktive landbruksområda i Noreg. Identiteten er i stor grad knyta til det karakteristiske natur- og kulturlandskapet den ligg i, med sin historie, topografi, klima, næringsliv.

Varhaug er omkransa av nasjonalt viktig matjord og både historia og framtidig vekst heng saman med korleis me brukar og tar omsyn til denne ressursen. Det tradisjonelle næringslivet knytta til landbruk og industri står framleis sterkt, samtidig som det legg grunnlag for innovasjon og ny teknologi.

Varhaug er vakse fram omkring eit jernbanestopp langs Jærbanen. Dette er tydeleg i bybiletet i dag, og kommuneplanen legg sterk vekt på at vidareutviklinga av tettstaden skal bygge vidare på jernbanen som ein sentral faktor m.a. med krav til høg arealutnytting.

Hå kommune har og sterke tradisjonar for eit mangfaldig kulturliv i samspelet mellom offentlege verksemder, næringsliv og frivillige organisasjonar. Mange har ei oppfatting av jærbuen som driftig og arbeidsam.

I dag inngår desse elementa i større eller mindre grad i identiteten til Varhaug.

Men kva skal framtida vere ? Kva visjon skal Hå kommune ha for utviklinga av kommunesenteret Varhaug i eit langsiktig perspektiv ?

For å utvikle ein sterk identitet, er det viktig å bygge vidare på eksisterande kvalitetar og den identiteten som er bygd opp over lang tid. Men kanskje det, når ein ser framover, er behov og ønskje om å styra utviklinga i ny retning ?

Ein visjon må vere retningsgjevande for arbeidet med og utforminga av sentrumsplanen.



5.1.1 Utgreiingsbehov

Det må gjennomførast ein eigen prosess med brei deltaking kor det blir drøfta og formulert ein visjon for korleis Hå kommune ønskjer at Varhaug sentrum skal utvikle seg dei neste tiåra.


5.2 Sentrumsavgrensing

Sentrumsområdet på Varhaug er, slik det er avgrensa i kommuneplanen, på ca 80 dekar. Av dette ligg ca 10 da aust for jernbanelina. Utstrekninga på området vest for jernbanelina er i luftline i nord-sør-retning på om lag 400 meter og i aust-vest-retning om lag 150 meter.

Bare tre passasjar bind aust- og vestsida av tettstaden Varhaug saman: Buevegen, forgjengarundergangen ved jernbanestasjonen og Møllevegen. Bare undergangen ved

jernbanestasjonen kan seiast å binde dei to delane av sentrum saman.

Området vist i gjeldande kommuneplan som sentrumsområde:



Handelsanalyse

Eit sentralt trekk i seinare års utvikling i varehandel, er at ein har gått frå mindre verksemder med få produkt til store føretak med mange tilsette, stort volum og store markedsandelar. Butikkstruktur er meir og meir prega av større bilbaserte varehus, delvis etablert utanfor sentrum, med tilsvarande nedlegging av mindre verksemder i sentrum. Lokaler som før blei oppfatta som attraktive, tilfredsstillende i dag ikkje den standarden aktørane vil ha. Det er derfor viktig å utvikla samarbeid og alliansar på tvers av næringsdrivande i sentrum, for slik å kunne oppretthalda handelsaktivitet i sentrum.

Det er behov for ein betre oversikt og innsikt i kva konsekvens denne problemstillinga kan få for Varhaug. Dette er viktig både for å vurdere storleiken på sentrumsområdet, behovet for nytt næringsareal (byggningsareal) og for å kunne drive ein aktiv og målretta næringsutvikling.

Regionalplanen for Jæren har retningslinjer som omhandlar sentrumsutviklinga. Innhaldet i desse er nærare gjengitt i vedlegg 1. Dei viktigaste føringane framgår av pkt. 4.3:

Kommunens viktigste senter er kommunesenteret, og skal betjene kommunens innbyggere. Senteret skal inneholde sentrale kommuneadministrative funksjoner og sikre funksjonsblanding ved å tilby et bredt spekter av handel, næring, boliger, kultur, offentlig og privat tjenesteyting.

Og i pkt. 4.6:

I hovedsenter og kommunesenter legges det ikke begrensninger på omfanget av etableringer og utvidelser av handelsvirksomhet.

Fleire undersøkingar viser at det i dag er stor handelslekkasje frå Hå, nordover mot Bryne og Sandnes/Stavanger. I ein handelsanalyse utført for Time kommune i samband med utarbeiding av ny sentrumsplan for Bryne, framgår det at dekningsgrad for matvarer er 81 % i Hå, mens den er 112 % i Time. For utvalgsvarer er dekningsgraden i Hå bare 35 %, mens den i Time er heile 147 %:

Kommuner	Time	Hå	Klepp	Gjesdal
Dagligvarer	112 % (113 %)	81 % (82 %)	75 % (76 %)	114 % (114 %)
Utvalgsvarer	147 % (145 %)	35 % (35 %)	48 % (47 %)	65 % (64 %)
Møbler, hvitevarer, fargevarer	70 % (60 %)	For få bedrifter til at tall kan offentliggjøres	84 % (80 %)	27 % (23 %)
Byggevarer / hagesenter	77 % (83 %)	49 % (53 %)	87 % (94 %)	79 % (85 %)
Detaljhandel totalt	116 % (115 %)	55 % (54 %)	68 % (67 %)	84 % (82 %)


Figur 8: Tabellen viser dekningsgrader for kommunene på Sør Jæren (2012). Dekningsgrad sammenlignet med Rogaland Fylke i parentes. Kilde: Omsetningsstatistikk fra SSB (bearbeidet av Norconsult).

Sjølv om det etter regionalplanen ikkje er eit krav at det skal gjennomførast ein eigen handelsanalyse for eit kommunesenter, vil det vere ønskeleg å få ei vurdering av det framtidige behovet for handelsareal og utviklingspotensialet for handelsnæringa også for Varhaug.

Sentrumsavgrensing

Rogaland fylkeskommune utarbeida i 2015 «Tilstandsrapport over sentrene som inngår i Regionalplan for Jæren». Dei ulike sentra, mellom dei Varhaug sentrum, er der vurdert etter ein felles mal.

I rapporten har dei avgrensa eit område i sentrum på ca. 50 da som dei kallar «funksjonell avgrensing» av sentrum, mens sentrumsområdet i kommuneplanen er på ca. 70 da.



DAGENS SENTRUMSAVGRENSING I KOMMUNEPLANEN, OG EI VURDERING FRÅ FYLKESKOMMUNEN AV FUNKSJONELT OMRÅDE

Avgrensning av sentrumsområdet i kommuneplanen er gjort på eit generelt grunnlag. I kommunedelplanen bør derfor storleiken på og avgrensinga av sentrumsområdet vurderast meir inngåande. Ei vurdering av handels- og servicenæringane og deira framtidige arealbehov vil gje eit grunnlag for ei vurdering av avgrensinga av sentrumsområdet.

5.2.1 Utgreiingsbehov

Det må utarbeidast ein (forenkla) handelsanalyse som kan fortelje noko om behovet for areal til publikumsretta handel og service i åra framover. Dette vil, saman med andre faktorar som for eksempel interne og eksterne trafikkløysingar, gje grunnlag for vurdering av om dagens avgrensning skal vidareførast, eller om avgrensinga av sentrumsområdet skal endrast.



5.3 Funksjonar i sentrum

Varhaug er i dag eit kommunesenter for Hå kommune og eit handelssentrum for Varhaugkrinsen.

Varhaug tettstad vaks i perioden 2005 - 2014 med ca. 700 personar, frå ca. 3 600 til ca. 4 300. Etter kommuneplanen skal det planleggjast for ein forsatt sterk vekst. Etter siste prognose frå SSB (Juni 2016) skal folketalet vakse med ytterlegare 400 personar, dvs. til ca. 4 700 i 2028 (Alt.: mmmm). Ved behandlinga av *Planstrategien for perioden 2016 – 2019* den 15.09.2016, vedtok kommunestyret å legge denne prognosen, men med noko redusert vekst dei første åra, til grunn for folketalsutviklinga i åra framover.

Eit tettstadsentrum er først og fremst det ein til vanleg forstår som handelssentrum, dvs eit område for butikkar med detaljhandel av ulike typar; matvarer, klede og sko og liknande. Også private servicetilbod som frisør, tannlækjar og kafear og liknande høyrer med. Kulturtilbod og bustadar er også viktige innslag i eit sentrumsområde.

På den andre sida vil t.d. tradisjonelle industriverksemdar, grossistlager og bensinstasjonar ikkje vere funksjonar som høver i eit sentrum. I mange høve vil dei stå i direkte motstrid til ønsket om å skape eit attraktivt, publikumsorientert sentrum.

Bustadar er og ein viktig funksjon å ha i og i tilknytning til eit sentrum. Bustadane gir kundar til butikkar og servicetilbod, men ikkje minst gir det folk og aktivitet ut over vanleg opningstid for butikkar og andre servicetilbod.

Ei kjent problemstilling er knytta til bruken av første etasje i bygningar med fasade mot offentleg areal. Eit sentrum er prega av mange aktivitetar, med fasadar og bruksareal mot offentlege gater, plassar og som rettar seg mot publikum. «Opne» fasadar, der det er visuell og fysisk kontakt mellom gata og lokala innanfor, er eit viktig bidrag til eit levande gatemiljø. Eit døme er slaktarbutikken, og dei no tomme lokala mot Stasjonsvegen.

Mange av dagens reguleringsplanar har krav om at første etasje skal nyttast til publikumsretta aktivitet. Med liten etterspurnad etter butikk og næringsareal, oppstår ofte spørsmål om å få nytte første etasje i nybygg til ikkje-publikumsretta aktivitetar. Det kan gjelde parkering, lager, bustad mm. Eventuell godkjenning av slik bruk, vil vere med på å bryta opp sentrum som eit område for publikumsretta aktivitetar. Ei vurdering av denne problematikken må gjennomførast som grunnlag for planutforminga.

Varelevering utgjer ei anna utfordring. Levering av varer til næringsdrivande med store lastebilar kan vere vanskeleg å kombinere med gode publikumsløysingar. Sjølv mottaksanlegget, gjerne med rampe og oppstillingsplass for stor lastebil, kan vere plasskrevjande og vanskeleggjere ei prioritering av mjuke trafikkantar.

Med det norske klimaet, har offentlege rom innandørs der folk kan opphalde seg gratis, vist seg å ha stor effekt for aktivitetsnivået i området rundt. Slik er det for eksempel i kulturhuset på Sølvsberget i Stavanger. På Varhaug fins få slike tilbod i sentrum.

5.3.1 Utgreiingsbehov

Den framtidige arealbruken i sentrumsområdet må vurderast: Aktuelle problemstillingar som må vurderast:

- Kor mykje areal og kva for areal skal reserverast for detaljhandel ?
- Skal det tillatast at første etasje blir nytta til bustadformål i delar av sentrum ?
- Skal det setjast forbod mot at enkelte funksjonar kan etablerast i heile eller delar av sentrum, f.eks. industri, bilverkstad og liknande ?
- Skal det avsetjast eigne areal til felles/offentleg parkeringsanlegg ?
- Korleis kan kommunale funksjonar og tenester bidra til eit aktivt sentrum?

5.4 Byggjereglar i sentrumsområdet

Dei siste åra er det bygd noe nytt næringsareal i sentrum. I tillegg er det føretatt etter måten omfattande ombyggingar og bruksendringar. Det er bygd og under bygging relativt store bustadprosjekt. Godkjente reguleringsplanar opnar for ytterlegare bustadbygging.

Bustadar er ein viktig del av sentrum. Bustadar gir både auka kundegrunnlag og folk og aktivitet i eit sentrum utanom opningstidene for handels- og servicetilboda. Det må likevel leggjast til rette for ei balansert utbygging, der næringsareala utgjer ein viktig del, slik at sentrum ikkje blir omforma til eit reint bustadområde. Med eit vesentleg innsalg av bustadar,

ligg det ei stor utfordring i å tilrettelegge eit godt bumiljø i eit område med næringsaktivitet, trafikk og støy. Dette krev m.a. restriksjonar på biltrafikken og tilgang på gode leike- og opphaldsareal på bakkeplan.

Høg arealutnytting er viktig av fleire grunnar. Det er ein del av jordvernpolitikken: Høg arealutnytting innafor tettstadsgrensene, og særleg i sentrum nær jernbanestasjonen, og ei restriktiv haldning til bygging i LNF-områda er vedtatt politikk. Strategien bygger opp om bruken av jernbanen som kollektivt transportalternativ. Og det gir ei intensiv arealutnytting, noko som er ein føresetnad for eit levande sentrum.

Høg arealutnytting, blanding av næringsfunksjonar og bustadar, næringstrafikk og bustadar gir mange utfordringar. Skal eit sentrum vere eit attraktivt sentrum må det skapast eit godt bygnings- og bymiljø der alle desse ulike funksjonane med dels motstridande interesser kan leve saman. Utnyttingsgrad, byggehøgder, bygningsutforming er viktige faktorar som gir rammer for sentrumsutviklinga og sentrumsbruken.

Spørsmålet om byggehøgder heng saman med spørsmålet om tomteutnytting. I vårt klima gir byggehøgder over 3 – 4 etasjar i sentrum ofte uønska skuggeverknadar på fellesareala. Kombinasjonar av høgare bygningar kan fungere som vindtunellar som forsterkar eit dårleg uteklima. I dag er det stor variasjon i byggehøgde og bygningstypar innafor sentrumsområdet. Spennet går frå einestadar på store tomter, til eigedommar med full utbygging over 3 – 4 etasjar og til bygningar opp i 8 etasjar.

Det må gjerast ei samla vurdering av kva reglar som skal gjelde for utforminga av bygningsmiljøet i det framtidige Varhaug sentrum.



5.4.1 Utgreiingsbehov

Det må m.a. vurderast:

- Kva byggehøgder skal tillatast ?
- Kva utnyttingsgrad skal leggjast til grunn for utbygginga i dei enkelte kvatala ?
- Skal det stillast krav til den estetiske utforminga av nye byggeprosjekt ?
- Bør det utførast ei samla utgreiing av støy frå jernbane og vegar, og felles retningslinjer mot støy?

5.5 Byrom, parkar, grøntanlegg

Utanom torget framfor rådhuset er det lite av tilrettelagde felles opphaldsareal i Varhaug sentrum.



FOTO AV TORGET

Byrom, parkar, grøntanlegg, miljøgater utgjer den offentlege «limen» i eit sentrum. Utforminga av desse fellesanlegga har mykje å seie for om det er triveleg å bruke og opphalde seg i området.

Sentrum må tilretteleggjast for alle brukargrupper; ung, eldre, funksjonshemma, innvandrarar m.m. Skal sentrum bli noko meir enn ein stad ein køyrer til for å handle dei nødvendigaste forbruksvarene, må dei offentlege anlegga utformast slik at dei blir attraktive å bruke også

utan tilknytning til bruken av dei kommersielle eller offentlege tenestetilboda elles. Denne type anlegg er viktig for at det skal kunne byggast bustadar i sentrum.

Sentrumsområdet vist i kommuneplanen er ikkje stort i utstrekning. Med ein avstand i nord-sør-retning på ca. 400 meter vil det vere fullt muleg å legge til rette for at brukarar av sentrum kan oppsøkje ulike målpunkt til fots, med bilen ståande på ein av parkeringsplassane i området. Skal ein få dette til, er det viktig å tilretteleggja gode og attraktive gangstok mellom sentrumstilboda.

Det skal tilretteleggjast for at folk skal kunne bu i sentrum. Tilrettelegging av gode leike- og opphaldsareal er viktig for å skape gode bumiljø. Kommuneplanen inneheld detaljerte reglar om opparbeiding av slike areal ved bygging av nye bustadar. Enkelte av desse krava kan vere vanskelege å oppfylle for utbyggingsprosjekt i sentrumsområdet. Det bør vurderast om dei generelle krava i kommuneplanen skal justerast noko for betre å tilpassast problemstillingane i sentrum.

Med krav til høg utnytting, vil det for enkelte utbyggingsprosjekt vere vanskeleg å oppfylle krava om tilrettelegging av uteareal på eigen eigedom. Samarbeid mellom fleire utbyggjarar er vanskeleg m.a. fordi prosjekta vert gjennomført til ulike tidspunkt. Tilgangen til passande uteareal på eigen eigedom er også mange gonger vanskeleg. Det bør utgreiast om kommunen kan spele ei meir aktiv rolle i opparbeidinga av slike fellesareal, evt ved bruk av rekkefølgekrav der kommunen tar på seg ansvaret for opparbeidingstiltaka mot økonomiske bidrag frå dei enkelte utbyggjarane.

5.5.1 Utgreiingsbehov

Det må m.a. vurderast:

- Kor og korleis kan ein skape gode og attraktive byrom, møte- og opphaldsplasser – plasser som kan dekke ulike behov for opphald og aktivitet for ulike brukargrupper ?
- Skal det opparbeidast leike- og opphaldsareal i samsvar med leikeplassnorma for å dekke det behovet som blir skapt av bustadbygginga ?
- Skal det utformast ein eigen leikeplassnorm for sentrum ?
- Korleis skape gode byrom og binde desse saman med gode og trygge gangliner som ikkje blir brotne av sterkt trafikkerte gater ?
- Om og evt. korleis kommunen kan spele ei meir aktiv rolle ved opparbeiding av leike- og uteopphaldsareal.
- Kan ei form for praktisk leikeplass/verkstad stimulera barn og unge på nye og innovative vis?

5.6 Samferdsel og parkering

I kommuneplanen heiter det m.a.:

Også Buevegen (fv 504) som i dag går gjennom Varhaug skapar trafikale og miljømessige utfordringar. Kommunen vil derfor ved komande planrevisjonar vurdere alternative vegtrasear lagt utanfor tettstaden.

Buevegen er hovudvegen mellom fv 44 og E39 sør på Jæren. Samtidig utgjer den ein viktig internveg for Varhaug, i og med at den er ein av to køyreveggar over jernbanelina som bind aust- og vestsida av Varhaug saman. Buevegen avgrensar også sentrumsområdet mot sør og utgjer den viktigaste atkomstvegen frå overordna vegnett til sentrum.

Samtidig er det slik at mange av brukarane av tenestetilbodet i sentrum er avhengig av å kome til området med bil. Som kommune- og lokalsenter vil tilboda i sentrum i all hovudsak vere retta mot innbyggjarane i Hå kommune og særleg dei som bur i Varhaug-krinsen. For mange av desse er det, og vil det i overskueleg framtid ikkje føreliggja eit tilbod om kollektivtransport for reiser til sentrum. Alternativet til biltransport vil vere gange og sykling for dei som bur i nærområdet. Ei tilrettelegging av bilvegnettet og gang- og sykkelvegnettet som legg grunnlag for vidareutvikling av eit attraktiv sentrum, er viktig.

Jærbanen er kanskje den viktigaste faktoren for framveksten av Varhaug som tettstad. Det blir nå arbeidd med planar for bygging av dobbelspor frå Sandnes til Nærbø, med ei seinare vidareføring mot Eigersund. Framdrifta i dette planarbeidet er usikkert.



Varhaug stasjon

Jærbanen utgjer det einaste kollektivtransporttilbod for Varhaug og utgjer eit godt tilbod for transport mellom tettstadane i kommunen og mellom desse og dei andre tettstadane i regionen. Utbygging med dobbelspor og etablering av eit utvida rutetilbod, vil styrke dette tilbodet ytterlegare. Utviding av rutetilbodet kan få stor innverknad for vidareutvikling av sentrumsområdet. Tilstrekkeleg parkeringstilbod for sykkel, motorsykkel og bil er viktig for dei

som vil nytte toget som transportmiddel. I nær framtid kan ny teknologi som er under utvikling, til dømes sjølvkjørande bilar og shuttlebussar, gi nye mogelegheiter.

Samtidig medfører jernbanelinja og togstasjonen andre utfordringar. Linja deler tettstaden og sentrumsområdet geografisk og funksjonelt i to skilde delar. Ei særleg utfordring ligg i å få etablert gode løysingar for gang- og sykkelvegkryssingar av jernbanelinja.

Eit godt parkeringstilbod må inngå som ein viktig faktor for den framtidige utviklinga. I den nye kommuneplanen er det vedtatt ein ny parkeringsnorm med redusert krav til parkering. Det er også vedtatt ei frikjøpsordning som legg grunnlag for etablering av kommunale parkeringsanlegg.



Det er viktig at sentrum blir tilrettelagt for alle brukargrupper. Sentrumsområda må planleggast etter krava til universell utforming (UU) slik kommuneplanen føreskriv.

Oppsummert er det viktig å utforme eit vegnett som gir god biltilkomst til sentrum og til jernbanestasjonen med parkeringsareal slik plassert at ei naturleg utnytting av sentrum kan skje til fots. Gangliner og turdrag må knyte sentrum til dei omkringliggende bustadområda og legge til rette for at innbyggjarane på ein grei måte kan gå og sykle til sentrum.

5.6.1 Utgreiingsbehov

Problemstillingar:

- Korleis fungerer trafikknettet i og omkring sentrum i dag ?
- Korleis skal gatenettet utformast for å gje nødvendig biltilkomst samtidig som sentrum blir attraktivt også for mjuke trafikantar og andre brukarar av sentrum ?
- Korleis skal sentrum trafikalt koplast til hovudvegnettet, og korleis påverker endringar i hovudvegnettet inkludert fv 504, sentrum?
- Parkering – kor kan det byggast offentlege parkeringsanlegg ?
- Kor kan det plasserast ladestasjonar for elbilar ?
- Korleis skal gang- og sykkelvegnettet utformast for å gje god tilkomst frå omkringliggjande bustadområder og andre viktige målpunkt ?
- Korleis skal jernbanestasjonen utformast ?
- Korleis kan ny kryssing av jernbanen, for både biltrafikk og mjuke trafikantar, bidra til eit meir tilgjengeleg sentrum?
- Korleis skal krava til universell utforming ivaretakast ?

5.7 Gamle Varhaug – Verneverdige bygningar

Varhaug vaks fram etter at Jærbanen vart bygd ut på slutten av 1800-talet. Det er i dag få eldre bygningar igjen i frå tida stasjonen vart etablert. Det er likevel viktig å knyta band tilbake i historia og vurdere om det er bygningar av arkitektonisk eller lokalhistorisk verdi som bør vernast for ettertida.



5.7.1 Utgreiingsbehov

Det må gjennomførast ei registrering av viktige historisk eller antikvarisk bygningar med ei vurdering av om nokre av desse skal vernast for ettertida.

5.8 Barn og unge

Barn og unge er ei viktige brukarar av sentrum og av det tenestetilbodet som er lokalisert i eller nær sentrum. For dei som skal bu i sentrum, må det tilretteleggjast tilfredsstillande uteopphaldsareal som kan gje gode bumiljø. Særleg for barn og unge vil trafikktryggleik både til, frå og i sentrum vere eit viktig punkt. Utanom dette er ofte barn og unge dei som har den mest «uformelle» bruken av sentrum. Kor er det møteplassar og korleis brukar barn og unge sentrum i uorganiserte samanhengar.

Tidlegare «barnetråkk»-registreringar kan danne eit godt grunnlag for å eit bilete av korleis barn- og unge opplever og brukar sentrum.



5.8.1 Utgreiingsbehov

- Korleis nyttar barn og unge sentrumsområda i dag ?
- Korleis ønskjer barn og unge at sentrum skal utviklast ?
- Korleis sikre god trafikktryggleik både i sentrum og på vegane til og frå sentrum ?
- Er det trygt for barn og unge å opphalde seg i sentrum ?

5.9 Kommunaltekniske utfordringar

Ei vidare utvikling og utbygging av Varhaug sentrum vil medføre kommunaltekniske oppgåver og utfordringar som må løysast.

Endringar i nedbørsmønster med påfølgjande flaumfare for sentrumsområdet må vurderast. Det må også vurderast om ei vidare utvikling og utbygging i sentrum vil krevja vesentlege investeringar i nye vass- og avløpsanlegg. Behovet for opparbeiding av andre kommunaltekniske anlegg må vurderast.

5.9.1 Utgreiingsbehov

Følgjande tema må vurderast:

- Flaumfare og eventuelle behov for avbøtande tiltak.
- Behov for oppgradering eller utbygging av nye kommunaltekniske anlegg for eksempel for vassforsyning, avløp ol.

5.10 Energi og klima

God sentrumsutvikling vil kunne bidra til at klimagassutsleppa vert reduserte. Med plasseringa av jernbanestasjonen midt i sentrum, og planane om dobbeltspor, ligg forholda godt til rette for ein auke i andelen kollektivreisande.

Ved utviding og nyetablering av offentlege tenester i sentrumsområdet vil kommunen kunna bidra til å redusera transportbehovet, og samtidig gje auka aktivitet og liv i sentrum. Folkeauken, og den påfølgjande transformasjonen av sentrumsnære områder, vil gje auka behov for bruk av energi. Den vidare planlegginga av sentrum bør derfor ha fokus på energisparande og energieffektive løysningar for bystruktur og nybygg.

Bygging av ladestasjonar for elbilar og favorisering av elbil kan vere eit verkemiddel.

5.10.1 Utgreiingsbehov

Kva kan gjerast for at Varhaug blir ein mest mogleg klimavennleg tettstad ?
Kva fornybare energikjelder er aktuelle?
Transportløysingar og klima.

5.11 Samfunnstryggleik

Varhaug sentrum er ein plass der folk i alle aldrar kan og skal kunne ferdast trygt heile døgnet. Eit aukande folketal kan likevel gje større utfordringar når det gjeld å oppretthalde tryggleiken.

Blanding av næringsfunksjonar og bustadar med påfølgande blanding av ulike typar trafikk gir utfordringar når det gjeld å oppnå gode og trafikktrygge løysingar.

Med fleire folk i sentrum og med gjennomføring av ulike trafikk- og fartsdempande tiltak, kan det verta meir utfordrande for utrykkingskjøretøy å koma fram. Det vidare planarbeidet må ha fokus på dette, og sikra at det til ein kvar tid er god framkome for utrykkingskjøretøy i sentrum.

Eit endra klima vil auka faren for vind- og flaumskadar. Klimatilpassing er derfor eit viktig tema. Det er allereie gjennomført ei omfattande kartlegging av flaumfaren i kommunen. Resutatet av denne leggest til grunn for planarbeidet.

Jernbanen går gjennom sentrum. Faren for ulukker ved transport på jernbanelina må vurderast.

Som del av planen skal det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Målet med denne analysen er å etablera ei systematisk haldning til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og gjennomførast.

5.11.1 Utgreiingsbehov

